

INFØRBREV

Desember 2015



Icare2 utvida i 2015 med ny sponsoraktivitet i Guihulngan, Negros Oriental — nærare bestemt i ei lita fjellbygd som heiter Magsaysay. Området har grisgrendt busetnad med barnerike familiar. Husa er knytt saman med smale gjørmestiar. Dei fleste husa er enkle skur med blikktak, eitt opphaldsrom, eitt soverom og ein liten kjøkkenavdeling der maten vert laga på bål. Storleiken på husa varierer frå 15—30 rutemeter. Dei fleste husa har ikkje innlagt straum. Det vert mørkt i sekstida, så lekselesing og andre aktivitetar må skje i lyset frå små heimelaga parafinlampar. Vatn vert henta frå lokale kjelder i nærområdet. På små jordflekke rundt husa dyrkar dei mais, peanøtter, tobakk, m.m. som dei brukar i hushaldet eller sel på marknaden nede i byen. Rundt husa spring kattar, hundar og høner.

Her har Icare2 9 nye sponsorbarn og mama Jodjie, som lagar lunsj og snack som barna kjem innom og hentar kvar morgon før dei går til skulen.



Takk gode bidragsytar for at dette er mogleg!



Mama Jodjie med seks av dei ni ICARE2-barna i Magsaysay.



Her er huset til Jericho Cauba (12), foreldre og tre yngre sysken. Huset deira brann ned i 2012. Dei budde tre år i telt fram til dei med hjelp frå naboar bygde nytt hus no i år. Faren tek tilfeldig arbeid på sukkerrøyrplantasjar. Løna er om lag 18 kr dagen – arbeidstida er kl 06–18.

Bli fast givar!

Legg inn fast trekk frå konto!

Er du NINA-tilsett kan du
sende ein e-post til Gurli
Øyangen og få fast trekk
direkte frå lønsskonto.

(200 kr/mnd = kostnader 1 barn)

Bli fast givar til Icare2

- Ditt bidrag gjer at vi kan hjelpe fleire
- Hjelp til utdanning verkar på både kort og lang sikt
- Icare2 er liten — ditt bidrag gjer ein stor forskjell
- Pengane kjem fram
- Låg administrasjonskostnad = høg føremålsprosent (95%) = Icare2

Icare2 har pr. dato 26 faste givarar, 17 av desse er NINA-tilsette.

Icare2 treng fleire faste givarar. Bli ein fast givar du òg!

Reisebrev

Kjære Icare2-venn!

Sist gang eg og familien var på privat besøk i Guihulgan, Negros Oriental i Filippinane, var for tre år sidan. Då var me midt oppe i ei dramatisk jordskjelvkatastrofe der mange omkom og der mange hus, vegar og bruer vart øydelagt. Bak huset der me bur laga skjelvet ei røys av knust betong og armering. No er det ein hage med store banan-, mango- og papayatre der.

Nokre stader går det enno føre seg reparasjonar på vegar og bruer, men dei fleste spora etter jordskjelvet er borte.

Inne i byen har det vekse fram fleire nye butikkar, og det er laga til parkanlegg som i desse juletider er pynta med lys i mange fargar og fasongar. Her er det eit yrande folkeliv, spesielt om kveldane. Frå store høgtalarar strøymar musikk, på storskjerm visast film. Ungar og vaksne, fattige og rike kosar seg.

Det er godt å sjå at livet er attende. Me har kanskje litt å læra av filippinarane — leva nå!

God jul og godt nytt år!

Med helsing
Arild Landa
styreleiar



Dei flottaste
gåvene ligg ikkje
under juletreet!